



Utviklingsplan 2025-2028

Innholdsfortegnelse


Innleiing	3
Overordna mål	4
Kleppskulen mot 2028	5
Utviklingsområde 2023 til 2024	7
Ressursar, felles kompetanseheving for dei vaksne:	8
Profesjonsfellesskap	9
Utviklingsplanen for 2025 til 2028	10
Kven er me på Orre skule	10
Lesson Study	11
Oracy	12
Skaperverkstad	16
Engelsk	17
Grunnleggjande ferdigheter	18
LK20, tema og periodeplanarbeid	20
PALS	21
Intensiv opplæring	22
OrreDiamanten	23
Elevundersøkinga	24
Medarbeiderundersøkinga	25
Kartlegging	26
Praktisk-estetiske fag	27
Bibliotek	28
Elevrådet	29
FAU	30
Fokusområde 2025-2028	31
Elevteikningar	35



Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsarbeidet i Kleppskulen bygger på overordna del av læreplanverket, samfunnssdelen i kommuneplanen, strategiane i Kvalitetsplan for barn og unge og dokumentet Kleppskulen mot 2028.



Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Kleppskulen mot 2028

Kjernekomponentar for Kleppskulen

Det er i medskapingsprosessar utarbeidd tre kjernekomponentar for Kleppskulen fram mot 2028. Desse tre kjernekomponentane er skulane forplikta å arbeide i tråd med og Kleppskulen skal retta særskild merksemrd mot desse slik at dei ligg til grunn for skulane sin praksis. Dei tre kjernekomponentane og hovudmålsetjingane er beskrivne under her:

Den engasjerte eleven

Kernekomponenten Den engasjerte eleven ønskjer å inspirera og motivera elevane til aktiv deltaking og læring. Målet er å utvikla sjølvstendige tenkjarar og problemløysarar som er ivrige etter å utforska, utfordra og bidra konstruktivt til si eiga utdanning. Dette inneber å leggja til rette undervisninga på ein måte som fangar merksemda deira, fremjar kreativ tenkning og oppmuntrar til utforsking. Gjennom denne kernekomponenten ønskjer ein å utvikla ikkje berre kunnskap, men også ferdigheter som vil vera relevante og nyttige både i og utanfor klasserommet. Det handlar om å byggja bru mellom interessene til elevane og målet til læreplanen, slik at læring blir meiningsfull og engasjerande. På denne måten bidreg 'Den engasjerte eleven' til å fremja livslang læring og personleg vekst.

Læreplanforståing

Hovudmålsetjinga med denne kernekomponenten er å sikra at lærarar og skuleleiarar har ei djup og heilskapleg forståing av læreplanen vår. Ved å ha ei solid forståing av læreplanen, skal kleplærarane og skuleleiinga betra tilpassa undervisninga for å møta behovet hjå elevane, samtidig som dei sikrar at undervisninga er i tråd med dei overordna nasjonale sektormåla. På denne måten ønskjer me å fremja effektiv læring, engasjement og meistring for alle elevane våre.

Profesjonelle læringsfellesskap

Hovudmålsetjinga med kernekomponenten 'profesjonelle læringsfellesskap' er å skapa eit dynamisk og støttande miljø der lærarar kan samarbeida, dela kunnskap og erfaringar, og kontinuerleg forbetra undervisningspraksisen sin. Gjennom regelmessige møte, refleksjon og felles problemløsing, søker desse fellesskapa å fremja fagleg vekst og utvikling blant lærarane. Ved å ha fokus på og leggja til rette for profesjonelle læringsfellesskap vil me styrkja kvaliteten på undervisninga, auka prestasjonane til elevane og skapa ein kultur prega av læring, samarbeid og kollektiv ansvarskjensle.

Felles satsingsområde i Kleppskulen


Alle skulane har sine satsingsområde som bygger opp under kjernekomponentane til Kleppskulen. I tillegg er det to satsingsområde som er felles fram mot 2028.

Oracy

Hovudmålsetjinga med satsingsområdet oracy i skulen er å styrkja munnlege ferdigheiter blant elevar og vaksne. Gjennom systematisk trening i munnleg kommunikasjon, og dessutan bevistgjering rundt tale, lytting og samtaleferdigheiter, sokjar ein å fremja evna elevane har til å uttrykkja seg klart, samanhengande og overbevisande. Dette inkluderer også å utvikla empati og respekt for synspunkta til andre gjennom konstruktiv dialog.

Alle våre tilsette skal ha kompetanse på korleis munnlege ferdigheiter både kan læra elevane å kommunisera og korleis dei kan læra gjennom å kommunisera. To aspekt av munnlege ferdigheiter.

Oracy-satsinga har derfor som mål å rusta elevar for effektiv kommunikasjon i ulike situasjonar, både i skulesamanheng og seinare i livet, og dermed bidra til den personlege og faglege utviklinga deira.



Digitalisering

Hovudmålsetjinga med satsinga på digitalisering i skulen er å integrera moderne teknologi som eit effektivt verktøy for læring og undervisning. Gjennom å implementera digitale ressursar, verktøy og pedagogiske metodar sokjer ein å auka den digitale kompetansen til elevane, fremja kreativitet og innovasjon, og dessutan førebu dei på ei stadig meir digitaliserte arbeidskvardag. Vidare ønskjer ein å skapa eit inkluderande læringsmiljø der teknologi blir brukt til å tilpassa undervisninga etter individuelle behov og styrkja engasjementet og motivasjonen til elevane. På denne måten siktar satsinga på digitalisering mot å rusta elevar for framtida og fremja læringseffektiviteten i skulen.



Utviklingsområde 2023 til 2024

Følgjande var utviklingsområde skuleåret 2023-2024:

Oppsummering ståstadsanalysen

Analysen syner at det er fleire område skulen opplever at ein får godt til. Dette samsvarar også med resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkinga. Det er likevel område der skulen opplev at skulen ikkje får det godt til. Desse områda ønsker ein å ha fokus på dei neste åra, og me må gjera eit utval av kva ein skal prioritera det første året.

Skulen ser at ein må arbeide meir systematisk med digital kompetanse, både hos elevar og lærarar. Ein må også arbeide meir med ferdigheter i engelsk. Ein ser også at det er svak skår på entreprenørskap og innovasjon. Ein har også svak skår på område som engasjement og utforskarkrøng, gode tilbakemeldingar, refleksjon kring eiga læring og samarbeid om å prøve ut ny og kunnskapsbasert praksis.

Elevstemmen

På Orre skule arbeider ein med elevundersøkinga i lag. Elevane, i lag med lærarane og foreldre, kjem fram til område ein vil ha fokus på neste skuleår, og kva ein skal gjere i lag for at skulen skal bli enda betre for elevane. Det er ikkje alltid slik at elevane vel område der skulen har svak skår, det skjer også at elevane vel ut område der skulen har høg skår, men elevane syns det er så viktig at ein likevel vil arbeide for at det framleis skal vere like bra eller betre. Motivasjon er eit slikt døme. Skulen skårar over landssnittet på motivasjon, men elevane syns dette er så viktig at ein vil halde fram med motivasjon som fokusområde. Det andre området elevane vil ha fokus på neste skuleår, er trygt og godt skolemiljø.

Oppsummering mål

Lærarane har analysert resultata frå ståstadsundersøkinga i lag, og har kome fram til desse utviklingsområda for dei neste skuleåra:

Den engasjerte eleven og læreplanforståing. Ein vil arbeide med digital kompetanse og ferdigheter i engelsk under hovudområda. Over hovudområda, ein føresetnad for å få dette til, er profesjonelle læringsfellesskap og trygt og godt skolemiljø. Elevane ønsker at ein skal ha fokus på motivasjon og trygt og godt skolemiljø.

På Orre skule har ein valt ut Engelsk som hovudmål for skuleåret 2023/2024. Målet er at alle elevar skal ha fagleg progresjon i engelsk. Mål for fagleg progresjon er talfesta i tabellen under. Dette målet skal ein nå gjennom systematisk arbeid med læreplanforståing, digital kompetanse og elevengasjement. Arbeid i profesjonsfellesskapet og eit trygt og godt skolemiljø er ein føresetnad for å lukkas med dette.



Ressursar, felles kompetanseheving for dei vaksne:

- Støtte til læreplanverket, Fagfornyelsteamet i Stavanger: kompetanse og Planlegging for mellomlange løp
- Felles arbeid med temaplanar og planer for mellomlange løp på plandagar og PU-tid
- Prøve ut Kartleggeren hausten 2023 for å vurdera innkjøp
- Felles skolering i AskiRaski på engelsk
- Lesekvart på engelsk, engelske rutinar i klasserommet
- Systematisk bruk av Showbie
- Felles temaplanar, med progresjon frå 1. til 7.trinn. Temaplan i engelsk
- Utarbeide prosjektplan i engelsk
- Finne sosiale aktivitetar og avbrekk i fellesskap, lage ein bank med dette (oppstartsaktivitetar, songar, leiker)



Profesjonsfellesskap

Engelsk	
Mål	Tiltak
Framgang på 0,3 i engelsk på nasjonale prøvar 5.trinn hausten 2024	Ei engelsk leselekse i veka 3.-7.trinn. Engelsk litteratur tilgjengeleg til lesekart.
Framgang på 0,3 i engelsk på nasjonale prøvar 8.trinn hausten 2024	Readers theater to periodar i året.
Fagleg progresjon for alle elevar i engelsk på kartlegging frå haust 2023 til haust 2024	AskiRaski-kartlegging og oppfølging i engelsk på alle trinn.
Elevane opplever at det er trygt å snakke engelsk i klasserommet	Læraren snakkar engelsk i timen. Omsett ved behov.
Elevane er motiverte for å lære engelsk	Stasjonsundervisning, smågrupper
Elevane opplever meistring i engelsk	Læraren planlegg undervisning kor elevane får vera munndege. Lærarane planlegg for dei få, tilpassar til dei mange Læraren omsett og nyttar visuell støtte i undervisninga.
Lærarane bruker læreplanen aktivt i si daglege planlegging	Felles kompetanseheving på plandagar og PLF. Lærarane nyttar læreplanen som utg.pkt når ein lagar periodeplanar for engelskfaget.
Omgrepa kompetanse, kunnskap og ferdigheter er implementert.	
Elevane opplever ein raud tråd i opplæringa si, frå 1. til 7.trinn.	Lærarane utviklar progresjonsplan for engelskfaget, med utg.pkt i overordna del og kompetansemåla i læreplanen.
Tydelege planar for kor elevane skal i si læring i engelsk	Felles faggrupper i engelsk i trinntid ein gong i månaden
Elevane er aktivt med og vurderer eige arbeid og progresjon i engelsk.	Overvake elevane si læring; ta i bruk Aski Raski i engelsk, systematikk i arbeidet med å analysere resultat etter NP
Elevane opplever at dei får tilbakemeldingar som gjer at dei kan bli betre i faga	felles arbeid med gode tiltak med særskild fokus på engelsk Lærarane gir elevane klare mål for kva ein øver på. Elevaktivitet og elevvurdering er ein del av planleggingsverktøyet lærarane nyttar Lærarane gjer konkrete tilbakemeldingar om kva eleven har fått til (positive tilbakemeldingar) Lærarane gjer konkrete framovermeldingar om korleis elevane kan få framgang i læringa si
Elevane er aktivt med og planleggar undervisninga i engelsk.	I forkant av nytt tema, involverer læraren elevane i planlegginga. «Kva fungerer godt, kva treng me å øva meir på?»
Elevane opplever undervisning prega av samarbeid, problemløysing og utforskning.	Lærar er katalysatoren som sett elevane i gang. Elevane skal vera aktive i timane.

Trygt og godt skulemiljø og motivasjon

Læreplanforståelse



Utviklingsplanen for 2025 til 2028

Kven er me på Orre skule

Orre skule er ein barneskule med om lag 140 elevar og 23 tilsette. Me ligg på Pollestad, 4 km frå Bryne sentrum. Skulen ligg landleg til med god adkomst til naturområde og flotte strender. Me har eige symjebasseng og ein flott skulegard med ny ballbinge, gapahuk med grillplass og Tarzanløype. Me ligg også nært ein skatepark. Skulen blei 100 år i 2022. I oktober 2025 åpnet nybygget. Det inneheld fire klasserom, skaparverkstad og tresløyd.

Vi har ei engasjert foreldregruppe med eit velfungerande FAU og SU. Me har og eit elevråd med engasjerte elevar. Elevrådet er aktivt med i gjennomføring og oppfølging av elevundersøkinga, og dei er stolte arrangørar av Orre talentar kvar haust.

Vi er ein PALS-skule der me legg vekt på positiv samhandling og støttande læringsmiljø. Alle elevar og vaksne nyttar læringsbrett i sitt daglege arbeid.

Ved skulen vår har me ei stabil og erfaren personalgruppe som saman dannar eit sterkt profesjonsfellesskap. Me legg stor vekt på kontinuitet og ei utviklingsorientert tilnærming til både undervisning og skolemiljø. Gjennom eit tett og samla fellesskap lærer me av kvarandre, og me arbeider kontinuerleg for å utvikle oss som profesjonelle aktørar i skulen.

Trivsel står sentralt – både for elevar og tilsette. Me ønskjer å ha eit arbeidsmiljø der det er «høgt under taket», og der det er rom for meiningsutveksling, refleksjon og fagleg dialog. Dette bidreg til ein positiv kultur der alle opplever seg høyrde og verdsette. Den høge graden av trivsel er ein medverkande faktor til at me har lågt sjukefråvær og lite gjennomtrekk blant dei tilsette.

Eit godt samarbeid mellom heim og skule er ein føresetnad for å lykkast med elevane si læring og utvikling. Me jobbar aktivt for å bli godt kjende med «24-timars-eleven», og me ønskjer eit tillitsbasert samarbeid med føresette. For at me skal kunne gi god oppfølging, treng me foreldre som toler tydeleg og open kommunikasjon frå skulen si side.

Gjennom målretta arbeid og ein tydeleg visjon for skulen vår, ønskjer me å vere ein attraktiv arbeidsplass og skape trygge og gode læringsmiljø for alle elevar.



Lesson Study

Lesson Study er ein metode for skulebasert kompetanseutvikling der lærarar i fellesskap arbeider systematisk for å utvikla og forbetra undervisninga med elevens læring som mål. Metoden inneber at lærarar saman planlegg ei undervisningsøkt, gjennomfører den medan kollegaer observerer, og deretter reflekterer grundig saman over det som skjedde i klasserommet. Det er elevane si læring og læringsutbytte som er i fokus. Denne praksisen legg til rette for djupare innsikt i korleis ulike undervisningsgrep verkar for ulike elevar, og styrker den profesjonelle dømmekrafta til læraren. I ein Lesson Study-prosess står samarbeid, observasjon og refleksjon sentralt – og gjennom dette fellesskapet mellom lærarar og leiing, skaper ein ei felles utvikling av undervisningspraksis som kan gje varig endring.

Orre Skule har tidlegare erfaring med å nytta Lesson Study som metode for profesjonsutvikling, men dei siste tre åra har det ikkje vore gjennomført systematisk arbeid med denne modellen. Sist me gjennomførte ein full Lesson Study-prosess var for tre år sidan, og då opplevde me verdifulle gevinstar knytt til samarbeid, pedagogisk refleksjon og meir målretta undervisning. Målet er å byggja vidare på desse erfaringane og løfta Lesson Study inn som ein fast del av den skolebaserte kompetanseutviklinga dei kommande åra. Det vil vere to syklusar kvart skuleår og søkelyset i kvart enkelt syklus vil vere dei kommunale og lokale satsningsområda i utviklingsplanen. Til skuleåret 2025/2026 vil me også samarbeida med Universitet i Stavanger. Arne Olav Nygard og Atle Skaftun (Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora) vil bistå skulen i forskinga. Dette samarbeidet vert kalle Partners in Practise (PiP).

For Orre Skule skal Lesson Study bli eit sentralt verktøy for kompetanseheving og profesjonell utvikling. Metoden skal forankrast som ein naturleg del av lærarkvarden og prega både planlegginga og gjennomføringa av undervisninga. Gjennom to årlege syklusar med Lesson Study skal lærarane arbeida systematisk med å utvikla sin praksis i tett samarbeid med kollegaer. Refleksjon og sluttevaluering av undervisningsøktene skal ikkje stoppa ved evalueringa, men implementerast i vidare praksis – slik at innsikt faktisk fører til endring og betre læringsutbytte for elevane.

Lesson Study skal vera kollegabasert og forankra i ei lokal, forskningsbasert tilnærming, der me tek utgangspunkt i utfordringar og moglegheiter frå vår eigen kvardag. Utviklingsgruppa vil få ei nøkkelrolle som prosessrettleiarar, og bidra til å skapa struktur og framdrift i arbeidet. Samtidig skal skulen vera open for ekstern bistand ved behov, for å styrka refleksjonen og tilføre nye perspektiv, blant anna andre skular i kommunen.

Vårt mål er at Lesson Study skal vera ein integrert del av vår profesjonskultur – noko som merkast i klasseromma, i samtalane mellom kollegaer, og i elevane si oppleving av læring. Det skal vera "ein del av oss". Praksisen vil vere sterkt samlande for profesjonsfellesskapet og det vil igjen føre til auka resultat på fleire av skulen sine satsingsfelt. Lesson Study er metoden skulen skal bruka for å nå fleire av dei måla som er satt. (Kjelde: [ks.no](#))



Oracy

Oracy er omgrepet som beskriv ferdighetene knytt til munnleg kommunikasjon. Det inneber evna til å bruke språket effektivt for å uttrykke seg, lytte aktivt, og delta i diskusjonar på ein konstruktiv og reflektert måte. Oracy handlar om å kunne formidle tankar og idear tydeleg, lytte med forståing, stille spørsmål, argumentere, og vere i stand til å tilpasse kommunikasjonen etter ulike situasjoner.

Oracy er meir enn berre å kunne snakke eller lese høgt – det handlar om å utvikle evna til å uttrykke seg klart, engasjere seg i samtalar, forstå og analysere kva andre seier, og bruke munnleg kommunikasjon som eit verktøy for kritisk tenkning og læring.

I utdanning er oracy viktig fordi det påverkar elevane si evne til å lære, samarbeide, reflektere og utvikle sosiale ferdigheter. Oracy spelar òg ei stor rolle i korleis elevar møter faglege utfordringar, formidlar idear og samarbeider med andre.

Målet med å integrere oracy i undervisninga på Orre skule er å styrke elevane sine munnlege ferdigheter gjennom strukturerte og målretta aktivitetar. Ved å bruke metodikken frå Voice 21 skal elevane utvikla evner til å uttrykke seg klart og presist, samt vere i stand til å lytte aktivt og respondere på ein reflektert måte. Dette inneber både formell og uformell kommunikasjon, og omfattar ulike situasjoner der munnleg kommunikasjon er viktig – frå klasseromsdiskusjonar til presentasjonar og debattar.

Skulen har som mål å legge til rette for eit læringsmiljø der elevane får stadige moglegheiter til å øve på og utvikle sine munnlege ferdigheter. Dette inkluderer samarbeid, der elevane får sjansen til å uttrykke sine tankar og bli høyrt i fellesskap med andre, samt å utfordre kvarandre på ein konstruktiv måte. Gjennom slike aktivitetar skal elevane både styrke sin evne til å kommunisere og bygge viktige sosiale ferdigheter.

Oracy er eit av satsingsområda til Klepp kommune, og heile personalet på Orre skule har jobba med temaet i profesjonsfellesskapet. Språkkontaktane på skulen spelar ei sentral rolle som pådriverar i dette arbeidet og held temaet aktuelt gjennom heile året. Dette skuleåret har det blitt arbeida med å utvikle samtaleregler for alle klassane, og elevane har fått øve på dei ferdighetene som er nødvendige for effektivt munnleg arbeid. Denne systematiske tilnærminga til oracy har som mål å styrke elevane sine kommunikasjonsevner og legge til rette for eit trygt og støttande læringsmiljø. Skulen vil dei neste åra arbeide med oracy med utgangspunkt i lokal læreplan for oracy. Denne planen skisserer kva for mål elevane skal ha oppnådd etter 2., 4. og 7.trinn.

1. Forbetra munnlege ferdigheter

- Elevane viser auka evne til å uttrykke seg klart og presist både i formelle og uformelle samanhengar. Dei kan kommunisere tankar og idear på ein logisk og samanhengande måte. Dette kan også vurderast gjennom observasjon av elevane i diskusjonar, presentasjonar og debattar, der dei uttrykkjer seg med aukande tryggleik.



2. Aktiv deltaking og engasjement i diskusjonar

- Elevane deltek aktivt i klasseromsdiskusjonar og samarbeidsaktivitetar. Dei stiller spørsmål, deler idear og argumenterer på ein respektfull og konstruktiv måte. Dette viser at elevane er i stand til å bruke oracy til å engasjere seg i læringsprosessen.

3. Auka evne til aktiv lytting og refleksjon

- Elevane demonstrerer god lytteteknikk og er i stand til å respondere på andre sine tankar på ein reflektert måte. Dei viser respekt for medelevar sine synspunkt og deltek i samtalar ved å bygge vidare på det andre har sagt. Aktiv lytting og konstruktive tilbakemeldingar er viktig for utviklinga av oracy.

4. Bruk av samtalereglar

- Elevar bruker og følgjer dei utvikla samtalereglane aktivt i undervisninga. Dette gjer at diskusjonar og samtalar blir strukturert og respektable, og at elevane veit kva som er forventa når dei deltek i munnlege aktivitetar.

5. Forbetra sosial interaksjon og samarbeid

- Elevar som tidlegare hadde vanskar med å uttrykke seg, viser betra samarbeidsevne og sosial deltaking. Dei er meir i stand til å samarbeide med andre, både i gruppeprosjekt og i diskusjonar. Dette kan vurderast gjennom elevane sine interaksjonar og samspel i undervisningssituasjonar.

6. Auka sjølvtilleit i munnleg kommunikasjon

- Elevane viser meir sjølvtilleit når dei snakkar offentleg i klassen eller i mindre grupper. Dette kan observerast gjennom at fleire elevar deltar aktivt i oppgåver som krev munnleg kommunikasjon, som presentasjonar, spørsmål eller drøftingar, der dei tidlegare kanskje har vore meir tilbakehalde. Dei har ei tydeleg og høy stemme og pratar i eit passegleg tempo, tilpassa mottakar.

7. Positiv tilbakemelding frå elevane

- Elevane gjev tilbakemelding om at dei opplev oracy-arbeidet har hjelpt dei til å uttrykke seg betre og har gitt dei større tryggleik i munnlege situasjonar. Elevane kan også rapportere om at dei føler seg meir høyrte og forstått i samtalar.



Trykk på / skann QR-koden for video.

8. Integrering av oracy i tverrfaglege prosjekt

- Oracy-ferdigheiter blir brukt i tverrfaglege prosjekt og aktivitetar, og elevane klarer å bruke munnlege ferdigheiter til å knytte saman kunnskap frå ulike fagområde. Dette viser at oracy er ein integrert del av læringsprosessen og ikkje berre noko som er isolert til eit enkelt fag. (Kjelde: voice21.org)



LÆRINGSMÅL ETTER 2.TRINN

Fysisk	Språkleg	Kognitivt	Sosialt og emosjonelt
<p>Kroppsspråk: Sjå på den som snakkar. Bruka eit ansiktsuttrykk som passar til samtalen. Ha kroppen vendt mot den som snakkar.</p> <p>Stemme: Eksperimentera med å justera tonefall, volum og tempo. Snakka tydeleg slik at ein blir høyrd og forstått.</p>	<p>Ordforråd: Bruka samtale under leik for å øva på nytt vokabular. Bruka nye ord og omgrep knytt til eit tema.</p> <p>Språk: Kopla setningar saman med ord som «viss», «fordi», «så», «kunne», «men».</p> <p>Retoriske teknikkar: Bruka setningsstartarar for å bygga vidare på, eller utfordra andre meningar (til dømes «eg er samd med, ... fordi...»).</p>	<p>Læring gjennom språk: Stilla spørsmål. Bruka "fordi" til å grunngje sine meningar. Knyta samanhengar mellom det som er sagt og eigne og andre sine erfaringar.</p> <p>Klargjere og oppsummera: Stilla spørsmål når ein ikkje har forstått. Skildra hendingar som har skjedd i detalj.</p> <p>Forklara idear og hendingar i kronologisk rekkefølge.</p>	<p>Samarbeide med andre: Snakka etter tur. Delta i gruppediskusjonar uavhengig av ein voksen. Bruka setningsstartarar/samtalekort i dialog med andre. Visa respekt for andre sine meningar.</p> <p>Lytta og respondera: Lytta oppmerksamt til andre.</p> <p>Sjølvtilleit i tale og i samtale: Trygg framføring av eige arbeid i ei lita gruppe.</p> <p>Mottakarbevisstheit: Inkludere andre i samtalen.</p>

LÆRINGSMÅL ETTER 4.TRINN

Fysisk	Språkleg	Kognitivt	Sosialt og emosjonelt
<p>Kroppsspråk: Bruka kroppsspråk for å visa at ein lyttar. Plassera seg på ein passande måte når ein presenterer noko. Tilpassa kroppsspråket til mottakar.</p> <p>Stemme: Eksperimentera med å justera tonefall, volum og tempo til ulike publikum. Snakka tydeleg slik at ein kan bli høyrd og forstått.</p>	<p>Ordforråd: Bruka ord og omgrep knytt til situasjon.</p> <p>Språk: Kunna bruka fagord når ein snakkar om samtalar. Gjera presise språkval (t.d. å skildra ein person som «trygg og vennleg» i staden for «snill»). Kopla setningar saman med ord som «viss», «fordi», «så», «kunne», «men».</p> <p>Retoriske teknikkar: Nytta hensiktmessige ord og formuleringar for å uttrykka seg. Bruka konjunksjonar for å organisera og setja idear i rekkefølge, til dømes først, før det andre, til slutt.</p>	<p>Læring gjennom språk: Bygga på andre sine utsegner/innspel i diskusjonar. Kunna grunngje eiga mening, til dømes ved å sitere ein tekst, eller eit tidlegare døme.</p> <p>Stilla undersøkjande spørsmål.</p> <p>Stilla oppklarande spørsmål når ein ikkje forstår.</p> <p>Halde fokus i ein samtale og kunne disponere tid, slik at alle får ordet.</p> <p>Argumentera for meningar som ikkje er deira eigne.</p>	<p>Samarbeide med andre: Bruka signal for kven som får ordet. Kunna diskutera med andre på ein respektafull måte. Bruka samtalekort i dialog med andre.</p> <p>Lytt og respondera: Lytte aktivt, stille spørsmål og svare andre.</p> <p>Sjølvtilleit i tale og i samtale: Trygg framføring for klasse</p>



ÅR: MELLOMTRINNET 5-7

Fysisk	Språkleg	Kognitivt	Sosialt og emosjonelt
<p>Kroppsspråk: Bruka kroppsspråk for å visa aktiv lytting og som støtte når du snakkar, for eksempel å smila og nikka oppmuntrande.</p> <p>Plassera seg på ein passande måte når ein presenterer noko.</p> <p>Tilpassa kroppsspråket til mottakar.</p> <p>Stemme:</p> <p>Tilpassa tone, volum og tempo for eit gitt føremål og publikum.</p> <p>Snakk til eit større publikum.</p> <p>Snakka med innleving.</p>	<p>Ordforråd: Bruka ord og omgrep knytt til situasjon.</p> <p>Språk: Bruka relevante startsetningar</p> <p>Retoriske teknikkar: Bruka og forstå språklege uttrykk. T.d: «å ha sommarfuglar i magen»</p> <p>Bruke humor som eit verkemiddel i samtale/presentasjoner</p> <p>Leggje inn pausar når ein snakkar for å oppnå ein effekt (t.d forsterke ein bodskap).</p>	<p>Læring gjennom språk: Bygga opp eit grundig argument eller kompleks forteljing.</p> <p>Reflektera og vurdera ulike synspunkt og presentera motargument.</p> <p>Svara spontant på stadig meir komplekse spørsmål.</p> <p>Erkjenna og forklara endringar i standpunkt.</p> <p>Kunna bruka det ein har lært for å forklara kva ein meiner.</p> <p>Sjå andre sine synspunkt.</p> <p>Reflektera etter diskusjonar om korleis ein kan forbetra seg.</p>	<p>Samarbeide med andre: Invitera alle til å ta ordet.</p> <p>Kunna halda ein gruppediskusjon gåande ved å stille spørsmål og vera aktiv.</p> <p>Lyta og respondera: Lyta aktivt i ein lengre periode.</p> <p>Sjølvtiltillit i tale og i samtale: Ta ulike roller i eit gruppearbeid. T.d. kunna vera ordstyrar.</p> <p>Presentera ein førebudd presentasjon på ein trygg og sjølvsikker måte.</p> <p>Snakka med passande stemme framfor andre.</p> <p>Mottakarbevisstheit: Vurdera korleis orda som blir brukt i tilbakemelding påverkar andre.</p> <p>Tilpassa innhaldet til publikum.</p> <p>Leggja fram både eigne og andre sine synspunkt på ein respektfull måte.</p>



Skaperverkstad

Skaperverkstaden og sløydsalen ved Orre skule er utvikla som ein kreativ og tverrfagleg læringsarena, der elevar og lærarar i fellesskap kan utforske, eksperimentere og skape. Verkstaden er utstyrt med eit breitt spekter av både digitale og analoge verktøy, inkludert 3D-skrivarar, symaskiner, handverktøy og eit variert utval material.

Målet med verkstaden er å støtte praktisk og utforskande læring, og å fremje elevane si skaparglede og problemløysingskompetanse. Her skal elevane få moglegheit til å utvikle eigne idear, lage prototypar, arbeide praktisk med teknologi, design og handverk, samt trene opp grunnleggjande ferdigheiter som samarbeid, kreativ tenkning og problemløysing basert på algoritmar.

Skaperverkstaden skal vere ein integrert del av skulen si pedagogiske verksemd, og vere med på å legge til rette for tverrfagleg og framtidsretta opplæring i tråd med læreplanverket. Gjennom aktiv bruk av verkstaden ønskjer me å utvikle elevane si evne til å lære gjennom praktisk arbeid, undring og utforsking, og å styrke motivasjonen og meistringskjensla i skulekvardagen.

Skaperverkstaden og sløydsalen ved Orre skule sto ferdig til jul 2024, og i oppstartfasen våren 2025 vart PLF-tida nytta til intern kompetanseheving. Personalalet fekk høve til å bli kjende med dei nye romma og maskinparken, samt dele erfaringar og idear for framtidig bruk. For å sikre praktisk erfaring i elevgruppene, fekk kvar klasse våren 2025 tildelt éin til to prosjektoppgåver knytt til skaperverkstaden og sløydsalen.

Fram mot 2028 er det eit mål at alle tilsette ved skulen skal bli trygge på å ta i bruk både romma og det tekniske utstyret. For å realisere det fulle potensialet i verkstaden, må ein unngå å binde aktiviteten til bestemte fag eller produkt. Verkstaden skal vere ein arena for kreativ utforsking, problemløysing og praktisk læring, der elevane får høve til å forme eigne løysingar og lære gjennom aktivitet.

Skaperverkstaden skal fungere som ein katalysator for tverrfagleg arbeid og styrke både samarbeid og elevane si opplevde meistring. Han skal fremje motivasjon og lærelyst gjennom praktisk og elevstyrt arbeid. Eit sentralt kompetanseområde i dette arbeidet er algoritmisk tenkning, som skal utviklast gjennom praktiske og teknologiske oppgåver. I tillegg skal elevane få erfaring med ulike handverksferdigheiter, noko som bidreg til ei brei og variert læringsoppleving.

Eit sentralt mål i arbeidet med å utvikle skaperverkstaden ved Orre skule er at romma i aukande grad skal integrerast i den pedagogiske kvardagen, og at bruken skal vere synleg for elevane. Innan 2028 skal alle elevar ha regelmessig tilgang til skaperverkstaden, med minimum éi økt per veke. I tillegg skal romma nyttast aktivt i PE (praktisk-estetiske fag) og andre tverrfaglege prosjekt.

For å synleggjere skaperverkstaden si rolle i skolemiljøet, ønskjer me fleire elevarbeid utstilt i gangane, og nyare produkt skal erstatte delar av den eksisterande dekorasjonen i aulaen. Dette skal bidra til å fremje stoltheit og eigarskap til både læringsprosessar og sluttprodukt.



For å sikre jamn bruk og god progresjon på alle trinn, vil skaparverkstaden implementerast som eit sjekkpunkt i periodeplanane. Kvar årssteg skal ha eitt eller fleire faste prosjekt knytt til verkstaden, til dømes arbeid med tekstil eller treverk. I tillegg vil kvart trinn få ansvar for å produsere eit konkret elevprodukt i løpet av skuleåret. Eit døme på dette er at 5. trinn skal lage eigne forkle, som dei tek i bruk i mat- og helsefaget i 6. trinn.

Desse tiltaka skal sikre kontinuitet, elevmedverknad og ei forankring av skapande, praktisk arbeid i heile skulen sitt pedagogiske løp.

Eit kjenneteikn på suksess vil også vere at alle tilsette ved skulen opplev tryggleik og kompetanse på området og romma.



Trykk på / skann QR-koden for video.



Engelsk

Engelsk er eit sentralt fag for kulturforståing, kommunikasjon, danning og identitetsutvikling. Faget skal gi elevane eit grunnlag for å kommunisere med andre – både lokalt og globalt – uavhengig av kulturell og språkleg bakgrunn. (Kjelde: Fagets relevans og sentrale verdiar, ENG01-04, udir.no)

Orre skule hadde engelsk som satsingsområde i førre utviklingsplan. Bakrunnen for dette var vedvarande svake resultat på dei nasjonale kartleggingsprøvane i faget. Trendbiletet syner at skulen over fleire år har prestert under det kommunale gjennomsnittet, i tillegg til at resultata har vore ustabile. Eit lågt og ujamt resultatnivå er ikkje i tråd med dei ambisjonane Orre skule har for elevane sine.

Det er ikkje eitt spesifikt område innan engelskfaget der elevane ved Orre skule har svake ferdigheter – utfordringane gjeld fleire delar av faget, som kommunikasjon, språklæring og møte med engelskspråklege tekstar. Dette gjer det nødvendig med ei heilskapleg omlegging av opplæringa i engelskfaget, slik at elevane får eit godt, samanhengande løp og solid kompetanse for vidare skulegang.

Tre sentrale suksessfaktorar for å lukkast med dette arbeidet er:

- Eit samla profesjonsfellesskap – der alle tilsette har eit felles syn på mål og metodikk i faget.
- Ein gjennomarbeidd plan for opplæringa i engelsk, med ei tydeleg retning og progresjon.
- Bruk av metoden Lesson Study for å forske på eige praksis i faget

Eit trygt og støttande skolemiljø er ein føresetnad for læring. Alle elevar må oppleva tryggleik i å ta i bruk engelsk, både i samtalar i par, i grupper og i heile klassen. Det skal vere trygt å bruke det engelske språket aktivt i klasserommet.



Skulen skal utarbeide ein progresjonsplan for arbeidet i engelskfaget. Planen skal bygge på kompetanseområda i læreplanen LK20, og samtidig ha eit tydeleg didaktisk fokus. Dette vil vere sentralt i planen:

- Tverrfagleg tilnærming
- Innlæring av grunnleggjande grammatikk
- Bruk av tekst og audiovisuelle hjelpe middel
- Aktiv språkbruk gjennom song, musikk og stasjonsundervisning
- Leksebevisstheit og arbeid med språk i kvar dagen

Engelsk vil vere hovudfokus i éin eller fleire Lesson Study-syklusar dei neste tre skuleåra. Gjennom dette arbeidet skal alle tilsette ved skulen forske på eiga undervisning og elevane sitt læringsutbyte i engelsk. Dette vil gi større innsikt i kvarandre sin praksis, betre samordning av periodeplanar og eit styrkt fokus på korleis me best mogleg kan auke elevane sin kompetanse i faget.

Det er også eit behov for auka fagkompetanse i personalet. Per i dag har få tilsette formell kompetanse i engelsk, og det vil derfor vere eit prioritert ønskje at kandidatar med engelskfagleg bakgrunn vert vurderte ved framtidige tilsetjingar.

Resultat frå nasjonale prøvar i engelsk – 5. trinn ved Orre skule:

År	Skalapoeng	År	Skalapoeng
2019	46	2022	43
2020	48	2023	47
2021	42	2024	52

Tabellen viser ein låg og ustabil trend over tid. Orre skule har som mål at resultata frå læringsstøttande prøvar og nasjonale kartleggingar i engelsk skal vise ein stabilt stigande trend fram mot 2028, med resultat som minst er på høgde med kommunen sitt gjennomsnitt – eller over. (Kjelde: udir.no)



Trykk på / skann QR-koden for video.



Grunnleggjande ferdigheter

Grunnleggjande ferdigheter er dei basiskunnskapane som elevane treng for å kunne tileigna seg fagleg kunnskap og delta aktivt i samfunnet. I læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20) er det definert fem grunnleggjande ferdigheter: å kunne lesa, å kunne skriva, å kunne rekna, å kunne uttrykka seg munnleg, og å kunne bruka digitale verktøy. Desse ferdighetene er integrerte i alle fag og skal utviklast i samspel med fagkunnskap. Dei fungerer som byggesteinar for vidare læring og utvikling, og er avgjerande for at elevane skal kunna nå sine faglege mål og bli sjølvstendige og reflekterte medborgarar.



På Orre Skule er arbeidet med grunnleggjande ferdigheter ein integrert del av den daglege undervisninga i alle fag. Lærarane har fokus på å utvikla elevane sine ferdigheter i lesing, skriving, rekning, munnleg uttrykk og bruk av digitale verktøy, og desse ferdighetene blir aktivt innarbeidde i planlegginga og gjennomføringa av undervisninga. Det vert arbeidd tverrfagleg der det er naturleg, og lærarane samarbeider om å finna gode metodar for å fremja ferdighetene på ein heilskapleg måte. Me nyttar ulike kartleggingsverktøy og observasjon for å følgja med på elevane si utvikling, og tilpassar undervisninga deretter. Gjennom profesjonsfellesskap deler lærarane erfaringar og reflekterer over kva praksisar som gir best læringsutbytte for elevane. Samtidig ser me eit behov for å vidareutvikla dette arbeidet, og styrka det systematiske fokuset på desse ferdighetene i tråd med utviklingsmåla våre.

Utviklingssamtalane på Orre skule er med utgangspunkt i dei grunnleggjande ferdighetene. Tilsette skriv inn i VISMA på kvart enkelt elev og føresette får slik tilgang på sitt barn sin kompetanse på dei ulike ferdighetene.

Framover skal arbeidet med grunnleggjande ferdigheter på Orre Skule styrkast og systematiserast ytterlegare. Me ønskjer å ha eit tydelegare og meir målretta fokus på desse ferdighetene, både i undervisningspraksis, vurdering og i skulen sitt samarbeid med heimen. Ein ny kartleggingsoversikt skal bidra til betre oversikt og tettare oppfølging, og utviklingssamtaleskjema vil fortsett knytast direkte til elevens nivå i dei grunnleggjande ferdighetene. Dette gjev både lærarar, elevar og føresette eit klarare bilde av ståstadene og kva som må til for vidare utvikling.

Ved hjelp av systematisk kartlegging og bevisst observasjon skal me fanga opp elevar som strevar, og raskt setta inn tiltak – i tråd med prinsippa frå Kleppmodellen. Generelle tiltak som tilpassing, lesekurs, og klasseromsundervisning med høg kvalitet skal bidra til at alle elevar får den støtta dei treng. Lesing og skriving skal løftast som felles ansvar i alle fag, og det skal nyttast metodar som fremjar ferdighetene på tvers av fag og trinn. Munnlege ferdigheter er allereie eit fokus via satsinga på oracy.

Foreldresamarbeid blir òg viktig. Me ønskjer å engasjera føresette i elevens ferdighetsutvikling. Arbeidet med grunnleggjande ferdigheter skal ikkje berre ligga hjá enkeltlærarar, men vil vere ein del av to årlege trinnsamtalar. I desse møta vil leiinga og kontaktlærar reflektera over det einskilde barn si utvikling og evt. manglande utvikling.

Vi vil sjå klare resultat frå satsinga på området ved at både kartleggingsprøvar 3.trinn og nasjonale prøvar/læringsstøttande prøvar på 5. og 8.trinn gir resultat på eller over snittet for nasjonen og kommune. (Kjelde: udir.no)



Trykk på / skann QR-koden for video.



LK20, tema og periodeplanarbeid

Læreplanverket Kunnskapsløftet 2020 (LK20) legg vekt på djupnelæring, tverrfaglegheit og utvikling av kompetanse som går utover reine fagkunnskapar. Elevane skal ikkje berre kunna fakta, men også forstå, bruke og reflektera over det dei lærer. Dette krev at undervisninga er gjennomtenkt, relevant og tilpassa heilskapen i læreplanen. Tema- og periodeplanarbeid er ein metode for å operasjonalisere læreplanen i praksis – der ein planlegg undervisninga over tid i form av tema eller periodar, med utgangspunkt i kompetansemål, tverrfaglege emne og grunnleggjande ferdigheter. Slike planar gjev struktur og retning til undervisninga, samstundes som dei opnar for tverrfagleg arbeid og lokal tilpassing.

På Orre Skule har me teke til oss prinsippa i LK20 og me arbeider aktivt med å tilpasse undervisninga til kompetansemåla og intensjonane i læreplanverket. I dag utformar lærarane tema- og periodeplanar med utgangspunkt i kompetansemål frå faga, og integrerer grunnleggjande ferdigheter og tverrfaglege emne der det er naturleg. Planarbeidet skjer i fag- og trinnsamarbeid, og målet er å skapa god samanheng i undervisninga, både innanfor og på tvers av fag.

Vi har fokus på å gjera undervisninga relevant og variert, og periodeplanane hjelper oss med å strukturere undervisningsperiodar slik at elevane får tid til fordjuping og refleksjon. Likevel ser me framleis potensial for vidare utvikling, både når det gjeld djupnelæring, progresjon mellom trinn, og ein meir systematisk bruk av kompetansemål som styrande for vurdering og planlegging.

Framover ønskjer me å vidareutvikla arbeidet med LK20 ved å styrka struktur, samhandling og fagleg kvalitet i planleggingsarbeidet. Me skal ta i bruk ein ny og utbetra tema- og fagoversikt som gir eit betre overblikk over heile 1–7-løpet, og som sikrar progresjon, samanheng og kontinuitet på tvers av trinn. Periodeplanane skal vidareførast og forbetraast med eit tydelegare fokus på kva me underviser i, korleis det blir gjennomført, og kvifor me gjer det – i tråd med prinsippa for baklengs planlegging og djupnelæring.

Målet er å utnytta LK20 betre som verktøy for profesjonell praksis, og samtidig skapa større friheit og rom for pedagogisk kreativitet innanfor ei felles ramme. Det skal byggast eit digitalt arkiv med struktur for kvart trinn, som både nye og erfarne lærarar kan nytta som inspirasjon og støtte. Dette vil bidra til å leggje eit solid grunnlag når ein flyttar seg mellom trinn, og styrkje fellesskapet rundt fagleg innhald og metodebruk.

Planlegginga skal bli ei meir deprivatisert praksis, der me lærer av kvarandre og utviklar felles standardar for kvalitet i undervisninga. Gjennom betre samhandling på tvers av trinn og fag, vil me byggje eit sterkt profesjonsfellesskap der me aktivt brukar kvarandre sine erfaringar og periodeplanar som grunnlag for vidare utvikling.

Dette arbeidet vil vere sterkt synleg i skulen sin digitale plattform; Teams. Her vil alle pedagogar kunne sjå kva arbeid som vert gjort førre skuleår og bruka dette som eit utgangspunkt for eige praksis – med eit stadig blick på å forbetra eige og skulen si praksis. (Kjelde: udir.no)




Trykk på / skann QR-koden for video



PALS

PALS (Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling) er ein heilskapleg modell for skuleomfattande innsats.

Modellen byggjer på førebyggjande og systematiske tiltak som fremjar eit positivt læringsmiljø for alle elevar. Gjennom felles fokus på positiv involvering og oppmuntring, og ved å reagere føreseieleg på uønskt åtferd, skapar tilsette eit trygt og støttande skolemiljø. Målet er å redusere omfanget av åtferdsutfordringar og samtidig styrkje både den sosiale og faglege utviklinga til elevane.



Ved Orre skule er PALS ein gjennomgående del av kvardagen i alle klassar og blant alt personale – både lærarar og andre tilsette. Me har eit felles sett med mål for åtferd og samhandling som gjeld for heile skulen, og som blir aktivt jobba med i alle klassar. Kvar månad introduserer me eit nytt PALS-mål, som klassane jobbar grundig med. Elevane får saman med læraren utforske kva målet betyr i praksis, og korleis dei konkret skal arbeide for å nå det i løpet av perioden. Dette bidreg til å skape eit tydeleg og føreseieleg læringsmiljø, der elevane møter same forventningar og oppfølging på tvers av klassane. Gjennom systematisk arbeid med positiv forsterking, felles rutinar og tett oppfølging, styrkjer me både det sosiale fellesskapet og den faglege utviklinga. Arbeidet med PALS vert kontinuerleg drøfta i personalgruppa, og tiltaka vert justert etter behov for å sikre god effekt for alle elevar.

Videre ynskjer me at det skal være synleg for alle at Orre skule er ein PALS-skule. Dette skal vere synleg både i klasserom og i gangane – gjennom visuelle påminningar, gode vanar og ein kultur som ber preg av fellesskap, trivsel og respekt. Elevane våre skal møte kvarandre og dei vaksne med hyggeleg framferd, vere bevisste på eigen åtferd og kjenne eit felles ansvar for det gode læringsmiljøet.

PALS-arbeidet skal vere ein integrert og naturleg del av den pedagogiske verksemda ved Orre skule. Det skal kome tydeleg til uttrykk i fellessamlingar, i «livet-timen» og gjennom fellesarrangement som fremjar samhald og fellesskap på tvers av trinn og klassar. Me legg vekt på å styrke elevane si sosiale danning, der gjentatt relæring av positive haldningar og handlingar over tid utviklar seg til varige vanar. Gjennom målretta bruk av positiv forsterking skal elevane erfare meistring og kjenne seg anerkjende – både som enkeltpersonar og som ein del av eit større fellesskap.

Skulen skal «gå i takt» – alle tilsette skal dra i same retning, med felles forståing og felles praksis. Det kan òg vere aktuelt for oss å styrkje fellesskapskjensla gjennom for eksempel skulekonkurransar som trekk fram gode haldningar og positivt samspel. PALS skal ikkje vere eit tiltak på sida, men ein del av måten me driv skule på – kvar dag, for kvar elev. Det ligg i veggene på bygget og er ein del av kulturen. (Kjelde: nubu.no)



Intensiv opplæring

Orre skule driv intensiv opplæring for alle elevar i småskulen (1.–2. trinn). Forsking viser at tidleg innsats er avgjerande. Elevane som får intensiv opplæring i første og andre skuleår oppnår betre leseferdigheter. Intensiv opplæring er forsterka og målretta opplæring i grunnleggande ferdigheter som lesing, skriving, rekning, munnlege ferdigheter og digitale ferdigheter.

Læringa til elevane vert kontinuerleg overvaka for å kunne gi den beste mogleg støtta til den enkelte eleven, basert på elevens behov.

Orre skule driv intensiv opplæring på småtrinnet ved å styrke grunnbemanninga dei fyrste skuleåra. Det er viktig at ein har trygge, stabile vaksne med høg kompetanse. Skulen har tilsette med kompetanse innan begynnaropplæring, som kan skape trygge og gode læringsrammer i oppstarten av skuleløpet.

Lærarane overvaker kontinuerleg elevane sine læringsframsteg, og kan fange opp dei som strevar, for deretter å setje inn effektive og gode tiltak. Dette kan òg bidra til å førebyggje uønska åtferd hos elevane.

Ved skulestart blir alle elevane kartlagde med appen "Skolestart" frå Universitetet i Stavanger (UIS). Gjennom kartlegginga får ein innsikt i kva forkunnskapar elevane har ved skulestart og kva elevar som treng ekstra støtte i undervisninga. Elevane som treng meir støtte vert kartlagt på nytt før haustferien. Fire til fem elevar får tilbod om På Sporet, eit intensivt program med 100 undervisningsøkter utvikla av Lesesenteret i Stavanger. Målet med opplegget er å gi tidleg og intensiv opplæring til elevar som står i fare for å utvikle lese- og skrivevanskar. Programmet er utforma for å førebyggje at elevane opplever nederlag, redusert motivasjon og låg tru på eigne ferdigheter.

Stasjonsundervisning er eit viktig verkemiddel som blir nytta for å kome tett på elevane og rettleie dei vidare i si faglege utvikling. Det vert gjennomført stasjonsundervisning i både norsk og matematikk.

Intensiv opplæring er i tråd med Kleppmodellen. Dersom ein oppdagar at tiltaka ein har sett inn og prøvd ut ikkje er tilstrekkelege, søker ein ekstern hjelp frå våre samarbeidspartnarar.

Orre skule skal vere ein skule med trygge og gode læringsmiljø. God intensiv opplæring støttar elevane i læring og utvikling ved skulestart og gir dei støtte til å finne sin elevrolle. Intensiv opplæring ved Orre skule skal sørge for at elevar som strevar og treng støtte i si opplæring blir oppdaga tidleg, slik at nødvendige tiltak kan setjast inn. Målet er å fange opp dei elevane som har utfordringar i ein tidleg fase, slik at dei får den hjelpa dei treng for å utvikle seg vidare.

Elevane som deltek i intensiv opplæring vil oppleve merkbar forbetring i sine grunnleggjande ferdigheter, som lesing, skriving, rekning og digitale ferdigheter. Gjennom målretta og intensiv oppfølging skal dei oppnå fagleg utvikling og styrke sine ferdigheter på tvers av ulike fagområde.



I tillegg skal intensiv opplæring bidra til å skape trygge og gode klassemiljø der elevane føler seg sett og høyrt. Det er viktig at elevane er motiverte og engasjerte i læringsprosessen, og at dei har ein positiv oppleving av skulekvardagen.

Intensiv opplæring har ikkje berre som mål å oppnå kortsliktig framgang, men skal òg gi langsiktig effekt. Elevane skal ikkje berre oppnå dei nødvendige ferdighetene på kort sikt, men også utvikle ferdigheter og strategiar som gjer dei i stand til å møte nye faglege utfordringar med tryggleik. Dette fører til vedvarande fagleg framgang, og elevane blir betre rusta til å møte framtidige krav i skuleløpet og livet generelt.

Kartleggingsprøvane på 3.trinn og dei nasjonale prøvane på 5.trinn vil synleggjere i kor stor grad Orre skule lukkast med intensiv opplæring. Det er eit mål at skulen skal liggja på eller litt over nasjonalt og kommunalt snitt. I tillegg vil ei auka fokus på intensiv opplæring medføra færre elevar på under kritisk grense (kartleggingsprøvar 3.trinn) og få elevar på nivå 1 på dei nasjonale prøvane 5.trinn. (Kjelde: udir.no)

OrreDiamanten

OrreDiamanten er ei samla beskriving av korleis Orre skule arbeider for å skape ein føreseileg, trygg og læringsfremjande kvardag for elevane. Modellen representerer ei felles praksis og ein standard for korleis ein autoritativ og støttande vaksen skal opptre i ulike delar av skuledagen – frå oppstart og undervisning til overgangar, friminutt og kontakt med heimen.

OrreDiamanten byggjer på prinsippa frå PALS og legg særleg vekt på relasjonsbygging, tydelege strukturar og positiv åtferdsstøtte. Ho er utvikla i profesjonsfellesskapet ved skulen, og fungerer som eit felles rammeverk for alle tilsette – uavhengig av rolle. Ved å følgje desse retningslinjene sikrar me at elevane møter same forventningar, same tryggleik og same støtte gjennom heile dagen, uansett kven dei møter. Den er utvikla i fellesskap og er basert på forsking og teori. OrreDiamanten vil styrke både det faglege og det sosiale læringsmiljøet og bidra til at alle elevar opplever meistring, tilhørsle og trivsel.

ORRE-DIAMANTEN STANDARD FOR DEN AUTORITATIVE VAKSNE



OPPSTART

- Førebū klasserommet
- Felles oppstart
- Elevane får vita mål for økta



I ØKTEN

- Helsa på ny lærer ved skifte av faglærar
- Avbrekk i løpet av økta ved behov
- Tydelege skifte i økta
- Overganger er ein naturleg del av økta
- Variert undervisning og engasjer eleven
- Bruk positive tilbakemeldingar i økta, både til grupper og enkeltelevar
- Kunne bruka Teacher-appen til t.d. låsa eleven til læring ved behov
- Elevar skal ikkje opphalda seg andre stader utan ein voksen



MEDLÆRER / SPES.PED / FAGARBEIDER

- Planlegg og nytt den andre vaksne for læring
- Fagarbeider driv læringsstøtte



PALS

- Snakka fint til kvarandre og rosa positiv kommunikasjon
- Positiv åtferdsstøtte frå tydelege vaksne



LUNSJ

- Arena for ei felles klassebyggjande oppleving
- Felles aktivitet



AVSLUTNING

- Samanfatta økta
- Tom pult før friminutt

SKOLE - HJEM

Positiv relasjonsbygging mellom skule og heim
Dialog med heimen om både positiv og uonskt åtferd
Fredagsmelding frå kontaktlærar til føresette:
Oppsummering av veka
Gode hendingar
Kva skjer vidare?



PROFESJONSFELLESKAPET VED ORRE SKULE, 23.01.2024



OrreDiamanten er eit aktivt verktøy i den pedagogiske kvardagen ved skulen og ligg til grunn for korleis tilsette strukturerer og gjennomfører heile skuledagen. Den fungerer som ein felles standard for praksis, og sikrar ei felles forståing.

Diamanten blir jamleg teke opp og drøfta i profesjonsfellesskapet, der alle lærarar får høve til å evaluere si eiga praksis, dele erfaringar og hente inspirasjon frå kollegaer. Dette gjer at modellen ikkje berre vert ein statisk plan, men eit levande dokument som stadig utviklar seg i takt med profesjonsfellesskapet. Dette arbeidet sikrar at OrreDiamanten er forankra i kollektive refleksjonar, og ikkje berre individuelle initiativ.

Ved å bruke Orre Diamanten som eit felles verktøy, byggjer profesjonsfellesskapet ei felles retning og eit sterkt lag rundt elevane våre – med tryggleik, struktur og relasjonar i sentrum.

OrreDiamanten skal vera eit fast og tydeleg haldepunkt i skulen vår – eit felles stammespråk og ei retningsvisar for både nye og erfarne tilsette. Det skal vere ein integrert del av skulen si profesjonskultur og bidra til stabilitet og samanheng i eit læringsmiljø i utvikling.

OrreDiamanten skal brukast aktivt som grunnlag for refleksjon, evaluering og justering – både individuelt og i fellesskap. Den skal vere eit gjennomgåande tema i avdelingsmøter, trinnsamtaler og pedagogiske analysar, og danne utgangspunkt for fagleg dialog og utvikling i personalet. I tillegg skal OrreDiamanten vere ein naturleg del av medarbeidarsamtalar, der ho gir retning for vidare profesjonell utvikling og støttar opp under felles praksis.

Når alle følgjer same struktur og standard, bidreg OrreDiamanten til ei samla, tydeleg og trygg praksis ved skulen – ein kultur som styrker både fellesskapet mellom dei tilsette og relasjonane til elevane. På denne måten blir Orre Diamanten ikkje berre ein modell, men eit aktivt verktøy for framtidssretta og berekraftig skuleutvikling. Skulens tilsette vil gå i takt.

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg, nettbasert undersøking frå Utdanningsdirektoratet som kartlegg elevane si oppleving av læringsmiljøet. Den er obligatorisk på 7. trinn, men kan også gjennomførast på fleire trinn. I Klepp kommune har ein valt å gjennomføre undersøkinga på heile mellomtrinnet. Undersøkinga omfattar tema som trivsel, motivasjon, relasjonar, støtte frå lærarane, vurdering for læring og elevmedverknad. Resultata frå undersøkinga gir skulane verdifull innsikt i elevane sine erfaringar og opplevingar, og fungerer som eit sentralt grunnlag for arbeidet med kvalitetsutvikling.

På Orre skule arbeider me systematisk med resultata frå elevundersøkinga for å sikre eit trygt og godt skolemiljø for alle. Me nyttar kartleggingsverktøyet Klassetrivsel som eit supplement, for å fange opp trivsel og sosiale relasjonar på eit tidleg tidspunkt. Dette gir oss eit breiare bilet og gjer det mogleg å følgje opp enkeltelevar og grupper på ein målretta måte. Resultata viser ei god trend, noko som stadfestar at tiltaka våre verkar.



Vi har gode rammer for oppfølging av elevundersøkinga og funn frå Klassetrivsel, både i personalet, Elevrådet og FAU. Resultata blir tekne opp i det profesjonelle læringsfellesskapet og tilsette drøftar korleis skulen kan vidareutvikle sin praksis retta inn mot skulemiljøet og trivselen til elevane. Elevrådet blir aktivt involvert for å sikre elevmedverknad, og FAU blir involvert for å sikre foreldremedverknad. FAU og SU blir også haldne jamleg orientert for å ivareta eit godt samarbeid mellom skule og heim.

I 2028 har me som mål at Orre skule ligg på eller over snittet på elevundersøkinga jamt over, med særleg fokus på trivsel og motivasjon. Me ønskjer eit stabilt resultat på 4 eller høgare på trivsel, og me har motivasjon som eit spesifikt satsingsområde. Målet er å liggje minst 0,3 over kommunenesnittet på motivasjon i 2028.

Vidare er det viktig at resultata er stabile og jamne, slik at trendbiletet synar at det ikkje er klasseavhengig men skuleomfattande tal.

Vi vil arbeide målretta med tiltak som legg til rette for, eller fører til, auka motivasjon hos elevane. Dette inneber eit tydeleg fokus på det faglege innhaldet i timane, der elevane møter utfordringar som er tilpassa deira nivå og som skapar meistring og læringsglede. Me skal også leggje vekt på praktisk undervisning for å gjere læringa meir relevant og engasjerande og på den måten styrke motivasjonen. Gjennom systematisk arbeid og samarbeid i personalet, Elevrådet, FAU og skule-heim, skal me sikre eit læringsmiljø som fremjar både trivsel og motivasjon. (Kjelde: udir.no)



Trykk på / skann QR-koden for video.



Medarbeiderundersøkinga

Medarbeiderundersøkingar som 10-Faktor – ei forskingsbasert undersøking utvikla av KS – og Ståstadanalysen – eit refleksjons- og prosessverktøy frå Utdanningsdirektoratet – er viktige for å samle inn data om korleis dei tilsette har det på skulen. Dette gir eit godt grunnlag for å utvikle skulen til det beste for både elevar og tilsette.

Orre skule gjennomfører desse undersøkingane annakvart år, i tillegg til årlege medarbeidarsamtalar. I tillegg til dei nemnde undersøkingane blir medråderett nytta som eit målebarometer for medarbeidarsamhandling.

Ved Orre skule er tilfredsheita blant medarbeidarane god. Likevel brukar me desse verktøya for å vidareutvikle profesjonsfellesskapet . Det er like viktig for utviklinga vår å lytte til både ros og konstruktive tilbakemeldingar, slik at me ikkje blir fornøgde og stoppar opp.

Gjennom samhandling og involvering frå alle tilsette er målet at alle skal få eigarskap til utviklingsarbeidet som skjer på skulen. På den måten sikrar me best mogleg implementering – i klasserommet, på arbeidsromma, i leiinga og i sosiale samanhengar.

Undersøkingane gir oss innsikt i arbeidsmiljøet, støttar målretta utvikling, fremjar medverknad og gir grunnlag for kontinuerleg forbetring.



Dei neste skuleåra vil følgjande undersøkingar bli gjennomførte og analyserte:

- Skuleåret 2025/2026: 10-Faktor
- Skuleåret 2026/2027: Ståstadsanalyse
- Skuleåret 2027/2028: 10-Faktor

Målet for Orre skule er at svarprosenten på 10-Faktor alltid skal vere høg. På ein skala frå 1 til 5 skal me ligge mellom 4,5 og 5 på alle område. Eit slikt resultat vil vere ei gjenspeglings av utviklinga som skjer på alle nivå i skulen, og dette skal også kome til uttrykk i elevane sine prestasjonar i kartleggingar og på nasjonale prøvar.

Målet for Orre skule i Ståstadsanalysen er å få stadfesta at skulen sitt arbeid blir opplevd som utviklande, og at dei tilsette er nøgde med måla innanfor dei strategisk valde satsingsområda i utviklingsplanen. Det inneber både eit ønskje og ei forventning om at dei fleste områda er vurderte som grøne. Verksemda ser på gule område som noko positivt og utviklande. Dei representerer eit stoppunkt som bør analyserast, reflekterast over og forbetrast. Raude område underveis i perioden er ikkje ønskjeleg, med mindre det gjeld område skulen ikkje har valt å ha fokus på i inneverande treårsperiode. (Kjelde: 10faktor.no)



Kartlegging

Kartleggingsprøvene for 1. og 3. trinn er utvikla av Utdanningsdirektoratet (Udir). Det er eit verktøy skulen bruker for å skaffe seg tidleg oversikt over elevane sine grunnleggande ferdigheite. Hensikten med kartleggingsprøvene er å identifisere elevane sitt nivå, slik at lærarane kan tilpasse undervisninga og setje inn målretta tiltak der det er nødvendig.

Kartleggingsprøvene er ikkje meint å vere ei karaktervurdering av den enkelte eleven, men heller eit hjelphemiddel for læraren i undervisningsplanlegginga.

Orre skule arbeidar for å gje alle elvane god opplæring i grunnleggjande ferdigheiter. Ein nyttar kartleggingsprøvane for å kartleggja elevens ferdigheiter og identifisere kva elevar som kan ha behov for ekstra støtte og kva elevar som treng ei større utfordring. Ein kan med utgangspunkt i kartleggingsprøvane planleggja tilpassa opplæring, både på individ – og gruppenivå. Kartleggingsprøvane gir læraren moglegheit til å samanlikna elevanes utvikling over tid og justera opplæringa der det er nødvendig.

Resultata frå årets kartleggingsprøver på 3.trinn er ikkje i tråd med skulen sitt mål. Det er for mange elevar som ikkje har gode nok grunnleggjande ferdigheiter. Ein del av årsaka til dette kan knytast til utfordringar med uro i klassen og eit læringsmiljø som har vore mindre tilfredsstillande, men det er også eit resultat av mykje uro i organisasjonen og hyppige skifter av kontaktlærarar. Det overordna målet for organisasjonen nå er, som påpekt tidlegera i planen, at det skal vere stabilitet og kontinuitet i framtida. Det vil igjen generera betre forhold for arbeidet med klassar og



dei grunnleggjande ferdighetene dei fyrste skuleåra.

På 1. trinn viser kartleggingsprøvene at det er få elevar som kjem under den kritiske grensa. Me ser at den systematiske opplæringa og auka pedagogtettheit har gitt gode resultat. Elevane som likevel kjem under den kritiske grensa, blir følgde opp på individnivå for å sikre at dei får nødvendig støtte og oppfølging.

På Orre skule er målet å sørge for at så få elevar som mogleg kjem under den kritiske grensa. Dei elevane som likevel kjem under den kritiske grensa skal tidleg identifiserast, og det skal setjast inn tilpassa tiltak for å hjelpe dei vidare. Skulen har som mål at elevar som er under den kritiske grensa på 1. trinn, skal visa framgang på kartleggingsprøvene ved 3. trinn.

Kartleggingsprøvene skal bidra til at undervisninga blir tilpassa elevane sine behov, slik at dei opplever auka deltaking og motivasjon i læringsprosessen.

Ved å bruke desse suksesskriterier kan skulen vurdere om kartleggingsprøvene har hatt den ønskte effekten, og om dei sette tiltaka har ført til forbetring både på individuelt nivå og i klassen som heilskap.

Det vil vere tett bemanning dei fyrste skuleåra. Ofte vil det også vere dei same tilsette, noko som betyr at me vil få eit sett med «ekspertar» på dei yngste trinna og elevane våre. (Kjelde: [udir.no](#))



Praktisk-estetiske fag

Kommunen kan gi forskrift om at opp til ti prosent av timane i kvart fag i grunnskolen skal flyttast til andre fag eller brukast til særskilde tverrfaglege aktivitetar.

Elevar på 5. til 7. trinn skal ha jamleg fysisk aktivitet i tillegg til kroppsøvingsfaget.

Den fysiske aktiviteten skal leggjast til rette slik at alle elevar utan omsyn til funksjonsnivå kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon på skolen.

Praktisk-estetiske fag (PE) er ei omdisponering av undervisningstimar på mellomtrinnet, basert på [opplæringslova § 1-6](#). Ordninga gir skulen fridom til å tilby tilpassa opplæring med djupare fokus på avgrensa temaområde enn dei andre faga i skulen. Elevane har to timer à 60 minutt i veka, der dei får høve til å utforske, trenе og fordjupe seg i eigne interesser innanfor skulen sine tema. Målet er å bidra til auka læringsglede og gi rom for fordjuping som kan påverke elevane sine val av vidare utdanning.

Undervisninga vert organisert gjennom temagrupper som lærarane set saman. Elevane vel mellom ulike tilbod, og me legg vekt på å imøtekjemme elevane sine førsteval i størst mogleg grad. Gruppene er samansett på tvers av 5.-7. trinn, noko som gir variasjon og samarbeid på tvers av alder. Til vanleg har to grupper hatt fokus på fysisk aktivitet og idrett, medan dei to andre har jobba med estetiske eller teknologiske tema.



Hovudvekta har vore på praktisk aktivitet, med berre naudsynt teori der det er naturleg. I dei fysiske aktivitetane har undervisninga teke utgangspunkt i kjerneelementa frå kroppsøving: rørsle og kroppsleg læring, deltaking og samspel i rørsleaktivitetar, samt friluftsliv og uteaktivitetar. Aktivitetane har vore tilpassa årstid og vær, og elevane har nytta både Orrehallen, gymsalen og naturen rundt skulen.

Undervisninga har vore lagt til dei to siste timane på fredagar, for å gi ein variert og god avslutning på skuleveka. Periodane har vart i 3–6 veker før elevane får velje på nytt, og enkelte tilbod har då blitt erstatta.

PE-periodane skal ha varierande lengd – både korte og lengre – for å gi rom for både fordjuping og trening i uthald, og for å kunne ha intensiv fokus på bestemte tema.

Skulen skal vidareutvikle ein meir heilskapleg plan for PE. Arbeidet skal vere forankra i kompetansemåla i relevante fag og i dei sentrale verdiane frå Kunnskapsløftet 2020 (LK20). Gjennom grundig planlegging og evaluering skal elevane få tydelege opplevelingar av meistring, knytt til skulen sitt innhald og mål.



Trykk på / skann QR-koden for video.



Bibliotek

Eit skulebibliotek er ikkje lenger berre ei samling bøker, men ein integrert læringsarena som støttar skulen sitt arbeid med digital kompetanse, kjeldekritikk, informasjonssøk og lesing som grunnleggjande ferdighet i alle fag.

Ifølgje opplæringslova § 15-5 og tilhøyrande forskrift § 11-2, skal elevar ha tilgang til eit skulebibliotek som medverkar til å utvikle språkferdigheiter, lesedugleik og evna til kritisk tenkning, samt vere med på å jamne ut sosiale skilnader.

Skulebiblioteket fungerer som eit supplement til klasseromsundervisninga, på tvers av fag, og er tett knytt til læreplanane.

I samband med rehabiliteringa av delar av Orre skule dei siste åra, har skulen fått eit nytt og moderne skulebibliotek. Skuleåret 2024/2025 har vore nytta til å etablere og implementere biblioteket som ein aktiv del av skulekvardagen. Dette har mellom anna omfatta systematisering av samlinga, etablering av rutinar for bruk og tilrettelegging av lokala slik at dei stimulerer til både lesing og læring.

Kvar klasse har fått tildelt to veketimar med tilgang til biblioteket, og lærarane vert oppmoda til å nytte rommet aktivt i undervisninga si. For å styrkje eigarskap og ansvar blant elevane, har Orre skule etablert ei ordning med biblioteksassistentar. Dette er eit tilbod der eldre elevar får ansvar for registrering av mottekne bøker, sortering av innleverte bøker og generelt tilsyn. I tillegg nyttar fleire lærarar Klepp bibliotek aktivt for å sikre eit variert og oppdatert tilfang av litteratur tilpassa både årssteg og tematikk i undervisninga.

Fram mot 2028 vil Orre skule ha særleg fokus på å integrere skulebiblioteket som ein naturleg og systematisk del av undervisninga. Målet er at alle klassar skal nytte



biblioteket regelmessig, og at alle lærarar skal kjenne eigarskap til biblioteket som eit felles pedagogisk verktøy. Skulebiblioteket skal fungere som ein sentral læringsarena som fremjar indre motivasjon for lesing, og som bidreg til utvikling av leselyst og grunnleggjande ferdigheter hos elevane.

Eit viktig mål i utviklingsarbeidet ved Orre skule er at bruken og funksjonen til skulebiblioteket skal vere tydeleg og merkbar for elevane innan 2028. Biblioteket skal ha eit meir omfattande og variert bokutval, med særleg vekt på faglitteratur og engelskspråkleg litteratur. Det er òg eit mål å systematisere boksamlinga betre, slik at det vert lettare for elevane å orientere seg og finne relevant litteratur.

Vi ønskjer å gjere bibliotekrommet meir visuelt tiltrekkjande og inspirerande, mellom anna ved å henge opp plakatar med scener frå kjende bøker og ved å etablere fleire utstillingsflater for temabaserte bokpresentasjoner. Dette skal styrke biblioteket si rolle som ein sentral arena for lesegilde og litteraturformidling.

Skulen ønskjer òg å styrke biblioteksfunksjonen ved å gi den biblioteksansvarlege utvida tid til å halde seg fagleg oppdatert, lese ny litteratur og aktivt formidle denne til elevane. Vidare vil me etablere eit system der alle lærarar får tilgang til bokkassar frå Klepp bibliotek, slik at elevane får tilgang til eit breiare litteraturnot tilbod i klasserommet. For skuleåret 2025/2026 er det beslutta å gi den aktuelle personen to timer nedslag, noko som betyr at vedkomande vert ein del av utviklingsgruppa.

I tillegg skal me utforske moglegheitene for utlån av digitale bøker, og kartleggje digitale hjelpemiddel som kan støtte elevar med leseutfordringar. På denne måten ønskjer me å sikre at biblioteket vert eit inkluderande og tilrettelagt læringsmiljø for alle elevar.
(Kjelde: norskbibliotekforening.no)



Trykk på / skann QR-koden for video.



Elevrådet

Elevrådet på Orre Skule er ein viktig arena for elevmedverknad. Elevane får høve til å påverka skulekvardagen sin og utvikla demokratisk kompetanse. Elevrådet består av valde representantar frå klassetrinn 4.-7., og arbeider for å fremja elevane sine interesser og bidra til eit trygt og inkluderande læringsmiljø. Rådet har jamlege møte med elevrådskontakt og skuleleiinga, der saker som angår elevane si trivsel, læringsmiljø og skuleutvikling blir drøfta. Elevrådet er ein del av det systematiske arbeidet med å gje elevane ei stemme, og spelar ei viktig rolle i arbeidet med elevdemokrati og medverknad på skulen.

På Orre Skule har me eit fungerande elevråd som er godt forankra i skulekvardagen. Elevrådet følgjer eit fast årshjul, har faste møter kvar tredje veke og ei strukturert tilnærming til elevmedverknad. Representantar frå 4.-7.trinn deltek aktivt og lærer korleis dei kan påverka og ta ansvar i fellesskap. Rådet løftar saker frå elevane til skuleleiinga, og fleire av desse blir tatt vidare til rektor for vurdering og oppfølging.

Elevrådet spelar òg ei viktig rolle i skulen sitt sosiale og kulturelle liv. Dei er med å planleggja og gjennomføra fellesarrangement som karneval, OrreTalent og



skuleturneringar. Arrangement som styrkjer fellesskapet og skapar glede og tilhørysle for elevane. Gjennom desse aktivitetane får elevrådet erfaring med samarbeid, planlegging og ansvar, samstundes som dei bidreg til eit positivt skolemiljø for alle.

Elevrådet bidreg også inn i brukarundersøkingar, som Elevundersøkinga. Her drøfter Elevrådet resultat saman med rektor. Desse drøftingane vert så presentert for alle dei tilsette samt for fleire av klassane.

Tre representantar frå Elevrådet sit i skulen sitt Samarbeidsutval. Her har dei møterett to gangar årleg. Elevrådet deltek også to gonger i året på Klepp kommune sitt Barn og unges kommunestyre. Her får elevrådet mogelegheit for å kome med direkte innspel og saker som opptek elevane på skulen.

Elevrådet skal vere synleg. Dei skal oppleva å bli lytta til og høyrt. I tillegg til å drøfta Elevundersøkinga, gjennomføra arrangement, delta i SU og sørga for at alle på trinna 4.- 7. har ein representant og røyst inn i skuleutviklinga, så vil det vere alt avgjerande at elevane sjølve opplev reell påverking i skulekvardagen.

Vidare ønskjer elevrådet å fortsette det gode arbeidet og samarbeide endå meir med kontaktlærar for å vera meir synlege for klassen.

Elevrådet vil vera meir engasjert i «livet» timen kor dei gir klassen mogelegheit for å koma med innspel til saker som dei ønsker skal tas opp i elevrådet. Her skal elevrådet også informera klassen om kva saker som har blitt tatt opp på møte og eventuelt utfallet i sakene.



Trykk på / skann QR-koden for video.



FAU

Foreldra sitt arbeidsutval (FAU) skal bidra til ein trygg og god skule for alle. Kvar grunnskule skal ha eit arbeidsutval valt av føresette. Arbeidsutvalet skal ha reell mogelegheit til å påverka skulekvardagen og vere ein konstruktiv samarbeidspartner for skulen. FAU kan både koma med råd og innspel, og ta opp saker på eige initiativ.

FAU ved Orre skule har eit svært godt samarbeid med skulen. Rektor deltek fast i FAU-møta, og planlegg møteagendaen saman med FAU-leiaren. Det er høve for kvar FAU-representant å melde inn saker på vegner av sitt trinn. FAU handsamar ikkje enkeltsaker. Foreldra skal ha reell medverknad i skulen si utvikling og daglege verksemder. Føresette sine synspunkt skal takast med i vurderinga, i tråd med opplæringslova. Rektor har ansvar for å leggje til rette for dette samarbeidet.

FAU ved Orre skule har fire faste møter i året, i tråd med vedtekten. Det er ikkje sett behov for fleire møter, men FAU kan kalla inn til ekstraordinært møte dersom særskilde behov oppstår. Det sit éin representant frå kvart trinn i utvalet, totalt sju personar. På grunn av det låge talet på deltakarar, er det viktig at vara (klassekontakt) møter dersom ein ordinær representant er forhindra frå å delta.

FAU har ansvar for å planleggje det årlege foreldremøtet om våren, og skal sikre at innhaldet er relevant for alle trinn frå 1.–7. klasse. I samarbeid med skulen har FAU utvikla ein forventningsplakat som klargjer kva skulen kan forvente av foreldra – og kva



foreldra kan forvente av skulen. Plakaten er eit levande dokument, og blir delvis presentert under haustens foreldremøte kvart år. FAU er også medarrangør på haustens møte for klassekontaktar.

Andre faste tema i FAU-møta inkluderer informasjon frå brukarundersøkingar, kartleggingsprøvar, bemanning, arbeidsmiljø og læringsmiljø. Referat frå møta blir publisert på skulen si heimeside og er tilgjengelege for alle.

FAU har særleg peika på ønske om betre og meir regelmessig informasjon frå skulen. Dette har tidlegare vore eit område med forbettingspotensial. Eit velfungerande skuleheim-samarbeid er eit prioritert område for FAU, og samsvarer godt med skulen sitt mandat og verdiar. Eit nysgjerrig, utviklingsorientert og positivt FAU er avgjerande for at Orre skule skal lukkast med sine utviklingsområde. Føresette er blant skulen sine viktigaste samarbeidspartnarar, både for å styrke læringsmiljøet på trinnivå og for det enkelte barnet.

Målet mot 2028 er å byggje vidare på det gode samarbeidet som allereie finst mellom tilsette ved skulen og foreldregruppa. Eit styrkt samarbeid vil bidra positivt til elevane sitt læringsmiljø og trivsel.

Det er eit mål at FAU sjølve opplev at arbeidet er verdifullt og at møter i FAU bær preg av gode drøftingar, informasjon og påverknad. Skulen har eit ønske om at vernet som medlem i FAU står høgt og at det på sikt vil vere fleire i kvar klasse som ønsker å sitja i eit slikt organ. (Kjelde: foreldreutvalgene.no)

Fokusområde 2025-2028

Overordna mål og pedagogisk plattform ved Orre skule

Orre skule arbeider for at **alle elevar skal oppleva personleg og fagleg utvikling**, samt kjenna seg som ein viktig del av eit trygt og inkluderande fellesskap. Dette er grunnlaget for skulen si utviklingsretning og pedagogiske praksis.

Utviklingsplanen er forankra i **Læreplanverket for grunnskulen – Kunnskapsløftet 2020 (LK20)**. I tillegg vert arbeidet styrt av **Klepp kommune sine direktiv og satsingsområde**, som er bygd på anerkjent pedagogisk teori og nasjonale føringer. Dei lokale satsingane er forankra i **Klepp kommune sine kjernekomponentar og felles satsingsområde**.

Orre skule nyttar **Kleppmodellen – Med blikk for barn og unge i Klepp kommune** som eit rammeverk for å sikre at alle barn og unge får den hjelpe dei treng. Modellen er delt inn i fire fasar: Oppdaging, Tidleg innsats, Samskaping og Oppfølging. Denne strukturen bidreg til systematisk arbeid for å ivareta elevane sine behov i ein heilskapleg samanheng.

Det profesjonelle læringsfellesskapet ved skulen tek avgjerder basert på kunnskapsinformert praksis og etiske vurderingar. Gjennom kollektiv utforsking, refleksjon og vurdering, arbeider ein kontinuerleg med å finna dei beste løysingane for elevane – både i det daglege og i det langsiktige utviklingsarbeidet.



Orre skule nyttar også implementeringsmodellen til **Dean Fixsen m.fl. (2005)** som rammeverk for å sikre effektiv gjennomføring av tiltak, program og strukturar. Det er avgjerande at alle tilsette følgjer planane og arbeider i same retning, slik at elevane møter vaksne som samarbeider og støttar kvarandre. Dette sikrar ei heilskapleg og samordna opplæring.

Ein grunnleggjande føresetnad for å lukkast med læreplanen og måla for opplæringa, er at **alle vaksne i skulen opptrer som autoritative leirarar**. Ifølgje [Pål Roland](#) er dette nøkkelen til å skapa trygge og støttande læringsmiljø. Ein autoritativ klasseleiari bygg relasjonar, set tydelege rammer og viser omsorg. Når alle vaksne ved Orre skule har denne tilnærminga, legg me grunnlaget for eit godt psykososialt miljø, effektiv konflikthandtering og ein kultur for læring og vekst.

Strukturar og system på Orre skule

Arbeidstidsavtalen (SFS 2213) legg føringar for lærarane si arbeidstid. I samarbeid med leiargruppa har dei pedagogiske tilsette ved Orre skule utarbeidd ein strukturert og gjennomtenkt plan for samhandling. Denne planen legg til rette for både individuelt arbeid og arbeid i profesjonsfellesskapet, og er avgjerande for å realisera og følgja opp skulen sin utviklingsplan.

Fast møteplan

Måndag: Veka startar med morgonmøte for alle pedagogar. Dette møtet har som formål å skapa fellesskap, samordna arrangement og sikra god informasjonsflyt. Det er også ein arena for spørsmål og deling av viktig informasjon som ikkje eignar seg for skriftleg formidling.

Avdelingsmøte. Her vert alle driftsrelaterte saker behandla. Agendaen inkluderer faste punkt som årshjul, arbeid med eit trygt og godt skolemiljø, Kapittel 12-saker, OrreDiamanten, bibliotek, elevråd og andre aktuelle tema. Møta vekslar mellom fellesmøte for alle pedagogar og delte møter for småtrinn og mellomtrinn.

Tysdag: Profesjonelle læringsfellesskap (PLF). Alle pedagogar har møteplikt. I PLF driv dei tilsette utviklingsarbeid knytt til innhaldet i utviklingsplanen. Årshjulet for PLF vert fastsett av utviklingsgruppa i forkant av kvart skuleår.

Torsdag: Trinnsamarbeid. Pedagogane samarbeider om undervisning og oppfølging av elevane på eigne trinn. Ein gong per månad vert kvart trinn kalla inn til samtale med rektor og avdelingsleiari, med fokus på periodeplanar og elevutvikling. Trinnsamarbeidet er i stor grad sjølvstyrt av pedagogane.

Andre møtefora

Ressursgruppa møte annakvar torsdag og består av leiargruppa og spesialpedagogisk koordinator. Eit eige årshjul styrer arbeidet, som omfattar både system- og individsaker. I det utvida ressursteamet deltek også helsesjukepleiar og kontaktperson frå PPT. Dette arbeidet skjer i tråd med Kleppmodellen.



Utviklingsgruppa samlast annakvar torsdag og inkluderer leiargruppa, hovudtillitsvald (ATV), ein representant frå pedagogane og ein frå dei øvrige tilsette. Her vert alle saker som gjeld utvikling og endring drøfta. Utviklingsgruppa har òg ansvar for å planleggje PLF-årshjulet.

Miljøteam møtast annakvar torsdag. Dette er eit viktig samhandlingsforum for fagarbeidarar og miljøterapeutar. Møta sikrar informasjonsflyt, felles utvikling og god drift for denne personalgruppa.

Leiargruppa har møte kvar onsdag. Møta er todelte: Første del omfattar driftssaker, medan andre del tek for seg utviklingsarbeid.

Administrasjonsgruppa har møter annakvar onsdag. Deltakarar er leiargruppa, SFO-leiar og merkantil ressurs.

SFO har eigne møte for å ivareta sin del av skulen sitt oppdrag.

Eit system for utvikling og kvalitet

Møteverksemda ved Orre skule er nøye strukturert og spelar ei sentral rolle i å sikra kontinuitet, kvalitet og samanheng i både drift og utviklingsarbeid. Denne strukturen er ein føresetnad for at utviklingsplanen vert realisert i praksis, og ikkje blir ståande som eit dokument utan verknad. Gjennom faste møtepunkt, tydeleg ansvar og godt samarbeid legg Orre skule grunnlaget for god praksis til beste for elevane.

Arrangement ved Orre skule

Ved Orre skule legg me stor vekt på å skapa eit inkluderande og trygt skolemiljø der elevane trivst på tvers av trinn. For å byggja fellesskap og styrka samhaldet, gjennomfører me ei rekkje fellesarrangement gjennom skuleåret. Desse vert planlagde og gjennomførte i samarbeid mellom tilsette, elevråd og dei ulike trinna.

Faste arrangement gjennom året

Skuleåret startar med «Back to School Party» i august, der elevar, føresette og tilsette samlast til grilling og ulike aktivitetar. Dette er ein sosial og inkluderande start på det nye skuleåret. I same periode arrangerer me også TL Kick-off, ein dag fylt med morosame og samlande aktivitetar for alle elevar.

I oktober er det tid for «OrreTalentar», eit populært arrangement der elevar får høve til å visa fram sine talent innanfor til dømes drama, dans, song og musikk. Dette vert arrangert av elevrådet, som òg har ei sentral rolle i fleire andre felles aktivitetar, som mellom anna ei sommarturnering, karneval og servering ved ulike høve.

1.desember markerer me inngangen til julemånaden ved at alle tilsette kler seg ut som nissar eller liknande og serverer pepperkaker til elevane, medan julemusikk strøymer ut over høgtalaranlegget. Seinare i desember gjennomfører me ein felles lagedag, der elevane vert delt i grupper på tvers av trinn og deltek på ulike verkstadar og aktivitetar.



I februar står karnevalet for tur, eit høgdepunkt i skulekvardagen. Alle – både elevar og tilsette – kler seg ut, og det vert arrangert ulike aktivitetar i skulegarden. Elevrådet bidreg med servering av pølser og is.

Mot slutten av skuleåret har me ein aktivitetsdag med fokus på fysisk aktivitet og praktisk matematikk, der elevane samarbeider på tvers av trinn. Dette styrker både læring og sosialt samspele.

Fellessamlingar og markeringar

Kvart trinn har ansvar for å gjennomføra ei fellessamling i løpet av skuleåret. Her lagar trinnet ei sceneopptreden for dei andre, med utgangspunkt i månadens PALS-mål. Dette er viktige samlingar som bidreg til samhald og medverknad i skulemiljøet.


Før sommarferien spelar dei tilsette ein fotballkamp mot elevane på 7. trinn – ei fast og kjekk avslutning på skuleåret. I tillegg vert det arrangert ei høgtideleg avslutning for elevar på 7. trinn på Orre samfunnshus, der elevar, føresette og tilsette deltek.



Både til jul og sommar sørger dei tilsette for underhaldning frå scena, med song, talar og eigne innslag. Desse markeringane er viktige for å skapa minner og fellesskap på tvers av roller og alder.





Elevteikningar

Vi gav elevane våre tre teikneoppdrag, der dei skulle velje eitt av dei. Anten teikne seg sjølve på skulen, i fritida eller i framtida. Her ser du nokre av teikningane me fekk inn:










Onsdag 1. juni 2025	Juni 2025	Sommer
Hverdag		
Prinsippet		
Oppgangspinnende mat		


$101 + 300 =$
 $5 \times 5 =$
 $12 \times 4 =$

Grubis
$5 + 5 =$
$122 \times 300 =$
$569 + 699 =$




Utviklingsplan - Orre skule 2025-2028







KASPER 1.trinn 29.25

TUVA 1.trinn



Utviklingsplan - Orre skule 2025-2028

ADELE
1trinn
20205





KLEPP KOMMUNE

Utviklingsplan - Orre skule 2025-2028










Utviklingsplan - Orre skule 2025-2028





Fritid Sigurd Oliver 5 klasse




Fremtid Sigurd Oliver 5 klasse






Framtiden

Tord 5 klasse



Skole





Fritiden



Fremtid

Skole





Skole




Når eg blir eldre

tritid







Lukasse 5 klasse



KLEPP KOMMUNE

Utviklingsplan - Orre skule 2025-2028





Lege Seima



Blaa for
veie pa skolestien
dla kia gir
aldrin opp
opp tille
Mia Me




KLEPP KOMMUNE

Utviklingsplan - Orre skule 2025-2028







Fremtida På gamleheimen



